

Sonja Håvik

Fra: Sunniva Utnes på vegne av Postmottak Volda
Sendt: 12. desember 2017 07:31
Til: Sonja Håvik; Rune Sjurgard
Emne: VS: Innspel til formannskapsmøte, orienteringssak om Bornetrakk 2017

-----Opprinnelig melding-----

Fra: grendautval@vikebygda.no [mailto:grendautval@vikebygda.no]
Sendt: 11. desember 2017 21:47
Til: Postmottak Volda <postmottak@volda.kommune.no>
Kopi: Regine Solberg Aklestad <Regine.Solberg.Aklestad@volda.kommune.no>
Emne: Innspel til formannskapsmøte, orienteringssak om Bornetrakk 2017

Ber om at dette vert distribuert til alle som skal på formannskapsmøte i morgen 12.12.2017:

Innspel til formannskapsmøte, orienteringssak om Bornetrakk 2017

Vi ser i formannskapspapira at det har vore registrering av Bornetrakk i Volda kommune i høve ny rullering av kommunedelplanen, arealdel for Volda sentrum, her inkludert Vikebygda. Vi ser det som veldig positivt at ein inkluderer borna i slike prosessar og hører på dei mjuke i trafikkbildet. "Arbeidet har vore utført med skuleelevar på Bratteberg skule, Øyra skule og Volda ungdomsskule. Registreringsarbeidet har vore digitalisert i samarbeid med studentar frå studiet "Planlegging og administrasjon" ved Høgskulen i Volda." Vi vert likevel forundra over å sjå at Vikebygda skule ikkje er inkludert i dette arbeidet, sjølv om dette er ein skule berre for 1.-4. Klasse i arealdelen som skal regulerast. Vi ser på kartmaterialet som har vore utdelt for 5. Klasse på Bratteberg og ser at her er utelatt fleire av "våre" sine born sin skuleveg.

Om ein les på barnetrakk.no sin innleiing for planleggjarar står dette " Å gjennomføre Barnetråkk gir verdifulle innspill fra barn og unge i planprosesser. Barnetråkk gjør det enkelt å digitalt registrere barnas skolevei digitalt, deres oppfatning av gode og dårlige steder i nærmiljøet, og integrere disse i eksisterende planverktøy."

Dersom ein skal gjere ei kartlegging av elevar i 5. Klasse på Bratteberg, må altså kartutsnittet vere stort nok til at borna sin skuleveg kan bli registrert. Vi veit at der er fleire elevar i 5. Klasse som har særslig farleg skuleveg og vi synes det er merkelig at ikkje planleggjarar i Volda ynskjer å la dei kome til med sine innspel, for å ta del i det demokratiske samfunnet. Det er ikkje noko mindre viktig å registrere elevar som mellom anna bur langs Hoggabakkane eller i Vassbotn, som inneber å krysse nokon av dei farlegste skulevegane vi har i Volda. Desse borna har like rett til å bli høyrte som resten av barneflokkene.

Dersom ein ser på barnetrakk.no for eleven kan ein lese følgjande:

Hvorfor gjennomføre Barnetråkk?

Barn og unges stemme er viktig

Visste du at norsk lov sier at kommunen må ta vare på deg og dine ønsker når de planlegger hjemstedet ditt? Likevel vet kommuner i Norge ofte mer om hvor elgen er, enn om hvordan barn og unge bruker stedene der de bor.

Barnetråkk hjelper deg å fortelle dine meninger til de som bestemmer, slik at de kan ta hensyn til disse når de skal bygge eller gjøre endringer i nærmiljøet ditt.

Viktig for demokratiet

Barn og unge har rett til å bli hørt av lokale politikere og planleggjere i sitt nærmiljø. Barn og unge er opptatt av og kan andre ting enn voksne. Det er viktig at planleggjere får vite hva du mener, slik at det kan bli bedre. På denne måten bidrar Barnetråkk til å skape et mer demokratisk samfunn hvor barn og unges meninger blir mer synlige.

Vi veit at Vikebygda skule har blitt orientert om prosessen og har meldt seg som villige til å registrere barnetrakk for kommunen, vi spør om kvifor dei ikkje har blitt involvert? Likeeins lurer vi på kvifor nokon av elevane sin skuleveg ikkje skal vere med på kartutsnittet?

Vi ber om at det vert registrert på nytt for Bratteberg 5. Klasse, med heile aktuelle kartutsnittet og at også Vikebygda skule får ta del i denne viktige registreringa av dei mjuke og sårbare trafikantane.

Mvh, Siw Rotevatn Vikene
leiar, Vikebygda grenadautval